



## Notat

Dato: 09.04.2015  
Arkivsak: 2015/3886-1  
Saksbehandlar: janvern

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Førespurnadar om økonomisk stønad utanfor dei etablerte tilskotsordningane

#### Innleiing

I møte 31.10.2013 gjorde fylkesutvalet vedtak om at fylkesadministrasjonen skal handsame førespurnadar om økonomisk stønad og/eller medverknad til ulike føremål, aktivitetar og arrangement, som ikkje fell innanfor dei etablerte tilskotsordningane i Hordaland fylkeskommune.

Eit hovudkriterium for slik stønad/medverknad er at føremålet kjem hordalandssamfunnet til gode og ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd. Tilsegn om økonomisk stønad skal dekkjast over dei ordinære budsjetta i kvar avdeling

Større saker som vert vedtatt politisk, vert dekt gjennom eigne løyvingar.

Fylkesutvalet skal motta rapport ein gong i året.

#### Førespurnader 2014

Alle som har kontakta Hordaland fylkeskommune med førespurnad om økonomisk stønad har fått informasjon om dei etablerte tilskotsordningane, og blitt bedne om å nytta desse ordningane.

Opplæringsavdelinga, regionalavdelinga, samferdselavdelinga og tannhelseavdelinga har i 2014 ikkje tildelt økonomisk støtte utan at dei er knytt til ordinære tilskots- eller verkemiddelordningar.

Kulturavdelinga har på «Til rådvælde»-konto midlar som kultur- og ressursutvalet nyttar til å gje tilskot til drift og prosjekt som ikkje fell under dei ordinære støtteordningane. Utover midlar knytt til dette er det ikkje gjeve økonomisk støtte utanom dei etablerte tilskotsordningane.

Frå 2015 er «Rådvælde»-ordninga lyst ut på fylkeskommunen si heimeside og elles handtert på linje med dei andre etablerte tilskota.

Organisasjonsavdelinga støtta i 2014 TV-aksjonen «Vann forandrar alt», der midlane gjekk til Kirkens Nødhjelp. Organisasjonsavdelinga gav 25 000 kroner over kommunikasjonsseksjonen sitt ordinære budsjett. Fylkesvaraordførar Mona Hellesnes var TV-aksjonskomitéleiar i Hordaland.